Fylkesmannen i Vestland

Vår dato: 20.05.2019
Vår ref: 2018/832
Dykkar dato:
Dykkar ref:

Steinvik Rensefisk AS
Hopen
6940 EIKEFJORD

Saksbehandlar, innvalstelefon
Einar Nesse Johnsen, 5764 3132

Løyve til utslepp frå Steinvik Rensefisk AS på lokaliteten Bortne i Bremanger kommune

Steinvik Rensefisk AS får løyve til utslepp til luft og vatn for produksjon av rognkjeks med samla maksimal biomasse på inntil 12 tonn på lokaliteten Bortne i Bremanger kommune. Utsleppsløyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16. Miljøtilstanden på lokaliteten skal følgjast opp med visuell overvaking av utsleppspunktet kvart fjerde år.

Vi viser til søknad frå Steinvik Rensefisk AS av 09.03.2018 som vart oversend frå Sogn og Fjordane fylkeskommune den 13.03.2018, med ettersending av kommunalt vedtak av 25.06.2018.

Fylkesmannen i Vestland gir med dette løyve på visse vilkår. Løyvet med tilhøyrande vilkår er lagt ved dette brevet. Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16.

Løyvet er ikkje gyldig før Sogn og Fjordane fylkeskommune har gitt løyve etter akvakulturlova.

Fylkesmannen har lagt vekt på ulempene ved tiltaket og samanhalde desse med andre fordelar og ulemper tiltaket vil medføre. Ved fastsetjinga av vilkåra har Fylkesmannen også lagt til grunn kva verksemda kan oppnå med bruk av beste tilgjengelege teknikkar.

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som blir rekna for å ha størst påverknad på miljøet, er uttrykkeleg regulerte gjennom spesifikke vilkår i løyvet. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er omfatta av løyvet i den grad opplysningar om slike utslepp vart framlagde i samband med sakshandsaminga eller på annan måte må reknast å ha vore kjent då vedtaket blei gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte stoff som står nemnd i forureiningsforskrifta kapittel 29, vedlegg 1. For verksemder som nyttar slike stoff som innsatsstoff, eller der slike stoff vert danna under produksjonen, er utslepp av stoffa berre omfatta av løyvet dersom dette går uttrykkeleg fram av vilkåra i løyvet, eller utsleppa er så små at dei må reknast for å vere utan påverknad på miljøet.

Vi understrekar at all forureining frå verksemda isolert sett er uønskt. Sjølv om utsleppa er innanfor dei fastsette utsleppsgrensene, pliktar verksemda å redusere utsleppa så langt dette er mogeleg utan urimelege kostnader. Det same gjeld utslepp av komponentar det ikkje uttrykkeleg er sett grenser for gjennom særskilte vilkår.

E-postadresse: fmvlpost@fylkesmannen.no
Sikker melding: www.fylkesmannen.no/melding
Postadresse: Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Besøksadresse: Njøsavegen 2, Leikanger; Statens hus, Kaigaten 9, Bergen; Fjellvegen 11, Førde
Telefon: 57 64 30 00
www.fylkesmannen.no/vl
Org.nr. 974 760 665

Dette løyvet kan seinare endrast med heimel i forureiningslova § 18.

At det er gitt løyve til forureining, fritek ikkje verksemda frå erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som skuldast forureininga, jf. forureiningslova § 56.

I tillegg til dei krav som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å rette seg etter forureiningslova og produktkontrollova, og dei forskriftene som er heimla i desse lovene. Enkelte av forskriftene er nemnde i løyvet. Vi viser til www.miljodirektoratet.no for informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda.

Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova og produktkontrollova, og forskrifter fastsett i medhald av desse lovene, er straffbare.

Om saka

Søknaden gjeld oppstart av landbasert produksjon av stamfisk av rognkjeks i Bortnen i Bremanger kommune. Produksjonen skal skje i lokale som tidlegare har vore nytta til setjefiskproduksjon av laks og aure. Anlegget har ikkje vore i drift sidan 2004. Det skal nyttast same inntaksleidning og utsleppsleidning. Det er ikkje planlagt reinsing av utsleppsvatnet. Verksemda søkjer om løyve til årleg produksjon av 12 tonn biomasse og årleg fôrforbruk på inntil 10 tonn.

Innkomne merknader etter offentleg høyring

Bremanger kommune har hatt saka til offentleg ettersyn i 6 veker. Det kom inn ein merknad frå Kystverket. Dei minner om at søknad om evt. etablering av utslepps- og inntaksleidning skal handsamast etter hamne- og farvasslova, her kommunen.

Kommunen har ikkje merknader til søknaden, og meiner det er positivt at bygningsmassen er i bruk og blir halden ved like.

Tilhøvet til plan

Bremanger kommune har i sin arealplan sett av området til landbruks-, natur- og friluftsføremål (LNF), medan sjøområdet er sett av til fiskeområdet (FI). Bremanger kommune har vedteke at saka ikkje treng å bli handsama som dispensasjon frå planføremål, då dei legg til grunn at eksisterande bruk er vidareført i overordna plan.

Vurdering

Fylkesmannen har handsama søknaden etter forureiningslova og vurdert han etter naturvern-, friluftsliv-, vilt-, lakse- og innlandsfiskeinteresser, og naturmangfaldlova.

Vilt, laksefisk/innlandsfisk, naturvern og friluftsliv

Tiltaket fører ikkje til mogleg påverknad på laksefisk/innlandsfisk i området då det her er tale om landbasert produksjon av rognkjeks.

Det er ikkje funne registrering av særlege interesser knytt til naturvern eller friluftsliv i området.

Sjøområdet som resipient

Bortnepollen høyrer til vassførekomsten *Bortnefjorden*[1] (0282010600-C), som har ein god økologisk tilstand. Andre utsleppskjelder ved lokaliteten kjem i hovudsak frå spreidd busetnad. Utsleppet frå anlegget skal skje på 25 meter djupn, omlag 90 meter frå land. Botnen skrår vidare ned til eit ca. 90 meter djupn, og held denne djupna ut store delar av Bortnefjorden. Ca 2 km frå utsleppspunktet dannar botnen ei lokal djuphole på 106 meter djupn. Like utanfor blir Bortnefjorden og Hornelsfjorden skilt av ein terskel på ca. 60 meter djupn.

Det har tidlegare vore drift av setjefiskanlegg på lokaliteten. Produksjonen hadde eit biomassetak på 1 000 000 fisk. I samband med utviding av produksjonen i 1997 vurderte Fylkesmannen resipienten slik:

Bortnepollen er lang og trong, men djup. I følgje sjøkart er den største djupna på 91 meter og terskeldjupet på 35 meter. Dette kan føra til noko akkumulering av organisk material på botn og oksygenmangel i botnvatnet sjølv om anlegget har krav om partikkelfjerning frå avlaupsvatnet. Fylkesmannen reknar med at det ikkje er fare for opphoping av organisk materiale ved anlegget ved forsvarleg drift.

Relativt sett er det søkt om liten produksjon. Bidraget frå inntil 12 tonn rognkjeks er rekna til å kunne utgjere ein tilførsel av organisk material tilsvarande 150 PE. Etter vår vurdering vil ikkje tiltaket føre til nedklassifisering av tilstand etter vassforskrifta.

Rapport frå tilpassa B-gransking[2] syner ein mjuk botn som består av sand, silt og leire, utan påverknad av organisk materiale. Samla vurdering av lokaliteten ved Bortnepollen kom i tilstand 1 – svært god (figur 1).



Figur 1 Oversikt over prøvestasjonar nytta i B-gransking og tilstanden ved kvar stasjon. Blå ring – tilstand 1. Linjene med grønt felt markerer inntak- utsleppsrøyr. Det kortaste er utsleppsrøyret.

[1] https://vann-nett.no/portal/#/waterbody/0282010600-C

[2] SubAquaTech. *MOM-B undersøking ved Bortnepollen 20.03.2018*. Prosjektnr. MOM-BU0343 (03.04.18)

Det er ikkje lagt ved andre miljøgranskingar i søknaden. Det er gjennomført fleire miljøgranskingar ved lokalitet Marøy NØ som er plassert ca. 4,5 km vest for utsleppspunktet. Denne lokaliteten høyrer til vassførekomsten Hornelsfjorden (0282010500-C). Resultat frå granskingar viser ein straumrik lokalitet som ikkje er belasta av utslepp frå anlegget.

Støy

Anlegget skal utformast og drivast slik at det ikkje oppstår urimelege støyplager. Utslepp av støy er regulert gjennom grenser sett i forureiningsforskrifta, jf. vilkår i utsleppsløyvet.

Naturmangfald

Det er ingen registreringar i *Naturbase* eller *Artskart* som vil kunne kome i konflikt med rognkjeksanlegget på lokaliteten Bortne.

Kunnskapsgrunnlaget for denne avgjerda er ei tilpassa B-gransking, samt miljøgranskingar frå nærliggjande anlegg. Kunnskapen om naturmangfaldet i våre fjordsystem er avgrensa, noko som speglar seg i dei databasane vi har til rådvelde. Dette inneber at det kan kome ny kunnskap som kan ha påverknad på seinare avgjerder. Grunnlaget blir vurdert som tilstrekkeleg, jf. naturmangfaldlova § 8.

Vi vurderer det som å vere liten risiko for at miljøet skal bli uakseptabelt negativt påverka av å etablere anlegget det er søkt om på Bortnen. Vi vurderer tiltaket som positivt for regionale bestandar av leppefisk, då oppdrett av reinsefisk vil føre til redusert fangsting av regionale bestandar. Fylkesmannen vurderer tiltaket som å vere tilstrekkeleg dokumentert til at føre-var-prinsippet ikkje blir gjeldande, jf. naturmangfaldlova § 9.

Den samla belastninga på resipienten som heilskap (vassførekomsten Bortnefjorden) blir i liten grad auka når det gjeld utslepp av organisk materiale, jf. § 10 i naturmangfaldlova.

Dersom det syner seg at det kan bli naudsynt å setje inn tiltak for å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet, skal kostnadene berast av tiltakshavar, jf. naturmangfaldlova § 11.

Steinvik Rensefisk AS pliktar å ta i bruk miljøforvarlege teknikkar og driftsmetodar som er tilgjengelege for næringa i dag (BAT), jf. naturmangfaldslova § 12.

Konklusjon

Fylkesmannen meiner at kunnskapsgrunnlaget er til stades til å kunne gi eit utsleppsløyve for produksjon av reinsefisk av rognkjeks med biomasseproduksjon inntil 12 tonn på lokaliteten Bortne.

Fylkesmannen har vurdert risiko for ulemper ved tiltaket som akseptable i høve til fordelane tiltaket gir i form av meir miljøvenlege avlusingsmetodar, arbeidsplassar og matproduksjon.

Miljøtilstanden på lokaliteten skal følgjast opp med visuell overvaking av utsleppspunktet kvart fjerde år.

Verksemda kan bli pålagd å utføre meir omfattande overvaking, eller delta i dei undersøkingane som Fylkesmannen finn nødvendig for å kartleggje forureiningseffekten anlegget har på resipienten, jf. forureiningslova § 51.

Gebyr for sakshandsaming

Fylkesmannen tar sakshandsamingsgebyr for arbeidet med løyve. Reglane om gebyrinnkrevjing er gitt i forureiningsforskrifta kapittel 39. Vi har plassert verksemda under gebyrsats 7, jf. forureiningsforskrifta § 39-4 om arbeid med fastsetjing av nye og endring av løyve. Verksemda skal betale 16.400 kroner i gebyr for sakshandsaminga. Miljødirektoratet sender faktura.

Verksemda kan klage på vedtaket om gebyrsats til Miljødirektoratet innan 3 veker etter at dette brevet er motteke, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ein eventuell klage bør vere grunngjeven og skal sendast til Fylkesmannen i Vestland. Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at vedtaket blir utsett. Verksemda må derfor betale det fastsette gebyret. Om Miljødirektoratet imøtekjem klagen, vil det overskytande beløpet bli refundert.

Erstatningsansvar

Utsleppsløyvet fritek ikkje verksemda for erstatningsansvar for forureiningsskade, jf. § 10 og kap. 8 i forureiningslova.

Klage

Fylkesmannen si avgjerd kan bli klaga på til Miljødirektoratet av partane i saka eller andre med rettslege klageinteresse innan 3 veker frå underretning om Fylkesmannen sitt vedtak er kome fram eller frå vedkommande fekk eller burde ha skaffa seg kjennskap til vedtaket. Klager som kjem inn etter denne fristen kan ikkje påreknast å bli handsama, jf. forvaltningslova § 31. Ein eventuell klage skal opplyse om kva klagen gjeld og kva de ønsker å endre. Klagen skal grunngjevast. Andre opplysningar av betyding for saka bør nemnast. Klagen skal sendast til Fylkesmannen.

Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket blir utsett. Fylkesmannen eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding eller av eige tiltak avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjord. Avgjerda av spørsmålet om gjennomføring kan ikkje klagast på.

Partane har innanfor visse rammer rett til å sjå dokumenta i saka. Ta kontakt med Fylkesmannen for fleire opplysningar om dette. Fylkesmannen kan på førespurnad også gi fleire opplysningar om reglar for handsaming og andre reglar som har noko å seie for saka.

Vi har sendt kopi av dette brevet med vedlegg til dei saka vedkjem, jf. vedlagt adresseliste.

Med helsing

Tom N. Pedersen
seniorrådgjevar

Einar Nesse Johnsen
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:
1 Løyve etter forureiningslova - Akvakultur - Bortne - Bremanger - Steinvik Rensefisk AS - landbasert stamfiskanlegg for rognkjeks

Kopi til:

Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Askedalen 2	6863	LEIKANGER
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN

Fylkesmannen i Vestland

Løyve etter forureiningslova for produksjon av rognkjeks på lokaliteten Bortne – Steinvik Rensefisk AS

Fylkesmannen gjev Steinvik Rensefisk AS løyve med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16. Løyvet er gjeve på grunnlag av opplysningar i søknad av 09.03.2018 og opplysningar som kom fram under handsaminga av søknaden.

Dersom verksemda ønskjer endringar utover det som er opplyst i søknaden, eller under handsaminga og som kan ha miljømessig verknad, må verksemda på førehand avklare dette skriftleg med Fylkesmannen.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan fire år, skal verksemda sende ei utgreiing om omfanget til verksemda. Fylkesmannen vil då vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Data om verksemda

Akvakulturlokalitet[1]	**xxxxx Bortne***	
Produksjonskapasitet	**12 tonn rognkjeks**	
Kommune og fylke	Bremanger i Sogn og Fjordane	
Verksemd	Steinvik Rensefisk AS	
Postadresse	Hopen, 6940 Eikefjord	
Org. nummer	995 725 134 (føretaksnr.)	995 780 011 (bedriftsnr.)
Bransje og NACE-kode	Akvakultur, 03.211 - Produksjon av matfisk, bløtdyr, krepsdyr og pigghuder i hav- og kystbasert akvakultur	

Fylkesmannen sine referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Arkivkode
2019.xxxx.T*	xxxx.xxxx.xx*	18/832– 542.1
Kartreferanse (WGS 84)	Vassførekomst (Vann-nett-ID)	Vassområde
61° 50,840’ N 05° 22,994’ Ø	0282010600-C Bortnefjorden	Nordfjord

* Namn og nummer blir påført etter oppretting i Akvakulturregisteret.

Løyve gjeve fyrste gong: 20.05.2019	Siste revisjon etter § 18 i forureiningslova: -	Dato for siste endring: -
Tom N. Pedersen seniorrådgjevar	Einar Nesse Johnsen rådgjevar	

Løyvet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.

[1] Jf. Akvakulturregisteret, https://www.fiskeridir.no/Akvakultur/Registre-og-skjema/Akvakulturregisteret

Endringslogg

Endringsnr.	Endringsdato	Punkt	Endringar

Føresetnader

Produksjonsramma i dette løyvet kan først takast i bruk frå det tidspunktet Sogn og Fjordane fylkeskommune har gjeve løyve etter akvakulturlova. Dersom fylkeskommunen sitt vedtak gjev løyve til ei lågare produksjonsramme enn det som løyvet etter forureiningslova tillèt, er det produksjonsramma i fylkeskommunen sitt vedtak som er gjeldande avgrensing.

Dersom løyve etter akvakulturlova på eit seinare tidspunkt fell bort, vil heller ikkje løyvet etter forureiningslova gjelde lenger.

Løyvet gjeld berre saman med dei vilkåra som er gitt i dette dokumentet. Verksemda må rette seg etter alle vilkåra i løyvet, desse er særskilde juridiske krav til verksemda. Utfyllande kommentarar til enkelte av vilkåra står i oversendingsbrevet, og dokumenta må lesast i samanheng med kvarandre.

1. Ramma for løyvet

Løyvet gjeld forureining frå landbasert akvakulturproduksjon av rognkjeks.

Løyvet gjeld for ein årleg produksjon av stamfisk med ein biomasseproduksjon på inntil 12 tonn. Løyvet er avgrensa til eit fôrforbruk på 10 tonn per år.

Ved eventuell samlokalisering av fleire løyve/aktørar på lokaliteten er den totale årlege produksjonen avgrensa til 12 tonn, uavhengig av innbyrdes fordeling av produksjonen på fleire ansvarlege.

2. Generelle vilkår

2.1 Avgrensing av utslepp

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som er vurderte å ha størst effekt på miljøet, er uttrykkeleg omtalte eller regulerte i vilkåra i dette løyvet. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er også omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp vart lagde fram i samband med sakshandsaminga, eller må reknast å ha vore kjende på annan måte då dette løyvet vart vedteke. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte miljøgifter oppført i vedlegg 1. Utslepp av slike komponentar er berre tillate dersom det går tydeleg fram av vilkåra i løyvet.

2.2 Plikt til å halde utsleppsgrenser

Verksemda pliktar til kvar tid å halde seg innanfor den produksjonsavgrensinga (tonn) som ligg i løyvet.

2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som råd

All forureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfallshandtering, er isolert sett uønskt. Verksemda pliktar å nytte best tilgjengeleg teknologi (BAT) og redusere all forureining, medrekna støy, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader[2].

For produksjonsprosessar der utsleppa er proporsjonale med produksjonsmengd, skal ein eventuell reduksjon av produksjonsnivået i høve til det som er lagt til grunn for løyvet, føre til ein tilsvarande reduksjon i utsleppa.

2.4 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda syte for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan verke inn på utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumentert.

2.5 Plikt til tiltak ved auka forureiningsfare

Dersom det som følgje av unormale driftstilhøve eller av andre grunnar oppstår fare for auka forureining, pliktar verksemda å setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig, må verksemda innstille drifta.

---

[2] Jf. forureiningslova § 2, som gir generelle retningsliner for å verne det ytre miljøet mot forureining.

Verksemda skal så snart som mogeleg informere Fylkesmannen om unormale tilhøve som har eller kan få forureiningsmessige følgjer. Akutt forureining skal i tillegg varslast i samsvar med punkt 10.4.

2.6 Internkontroll

Verksemda pliktar å etablere internkontroll for drifta si i samsvar med gjeldande forskrift[3]. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda held krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda pliktar å alltid ha oversikt over alt som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risikoen for forureining. Plikt til å gjennomføre risikoanalyse med omsyn til *akutt* forureining følgjer av punkt 10.1.

2.7 Tiltak for å sikre mot viltskade

Naturmangfaldlova og viltlova set krav om at vi skal ta vare på viltet og leveområda deira for å sikre produktiviteten og rikdomen av artar i naturen. Verksemda pliktar å setje i verk førebyggande tiltak som vernar om både anlegg og vilt.

3 Utslepp til vatn

3.1 Utsleppsavgrensingar

3.1.1 Organisk belastning

Fôrspill skal reduserast mest mogleg.

Utslepp av fôr og fekaliar frå anlegget skal ikkje føre til at organisk materiale vert akkumulert i sedimentet ved utsleppspunktet over tid.

Utsleppa frå anlegget er indirekte avgrensa gjennom produksjonsramma i vilkår 1. Det er førebels ikkje sett krav om reinsing av avløpet så lenge produksjonen er mindre enn 10 tonn årleg og så lenge miljøgranskingane syner at utsleppet ikkje gjev uønskt effekt i resipienten.

3.1.2 Utsleppsstad for prosessavløp

Avløpsvatnet frå produksjon skal førast til resipienten i Bortnepollen på 25 meter djupne.

3.1.3 Utslepp av medisin og kjemikal

Bruk og utslepp av medisin, pesticid og desinfeksjonsmiddel skal verksemda gjere i samsvar med gjeldande regelverk/retningslinjer frå myndigheitene.

3.2 Diffuse utslepp

Diffuse utslepp frå landbasen, for eksempel avrenning frå lageområde og område for lossing/lasting, som kan medføre skade eller ulempe for miljøet, skal avgrensast mest mogleg.

---

3 Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta) av 06.12.1996, nr. 1127.

Avrenning av overflatevatn frå verksemda sine uteareal skal handterast slik at det ikkje kan føre til skade eller ulempe for miljøet.

4 Utslepp til luft

4.1 Utsleppsavgrensingar

Fôrlagring, daudfiskhandtering, handtering av avfall og andre aktivitetar ved anlegget, skal gå føre seg på ein slik måte at det ikkje fører til nemnande luktulemper for naboar eller andre.

5 Grunnforureining og forureina sediment

Aktivitetar ved anlegget skal vere innretta slik at det ikkje finn stad utslepp til sjø, grunn eller grunnvatn som kan føre til nemneverdig skade eller ulempe for miljøet.

Verksemda pliktar å gjennomføre førebyggjande tiltak for å hindre utslepp til resipient. Verksemda pliktar vidare å gjennomføre tiltak som er eigna til å avgrense miljøverknader av eit eventuelt utslepp. Utstyr og tiltak som skal forhindre utslepp og avgrense miljøverknader av slike utslepp skal overvakast og vedlikehaldas regelmessig. Plikta etter dette avsnittet gjeld tiltak som står i eit rimeleg forhold til dei skadar og ulemper som skal unngåast.

Verksemda skal til ei kvar tid ha oversikt over eventuell eksisterande forureina grunn på verksemda sitt område på land, og eventuell forureina sediment i sjøområda ved utsleppspunktet. Dette omfattar også å ha oversikt over faren for spreiing, og vurdere behov for undersøkingar eller tiltak. Dersom det er grunn til å tru at undersøkingar eller andre tiltak er nødvendig, skal Fylkesmannen varslast om dette.

Dersom det som følgje av drifta til verksemda skulle vise seg å vere nødvendig med mudring, skal verksemda innhente nødvendig løyve frå forureiningsstyresmakta.

6 Vurderingar ved bruk av kjemikal, medrekna legemiddel

6.1 Substitusjon av helse- og miljøfarlege kjemikal

Vilkåra i dette punktet gjeld når verksemda nyttar kjemiske stoff og stoffblandingar, som til dømes desinfeksjonsmiddel, legemiddel, ensileringskjemikal, groehindrande middel, vaskemiddel, hydraulikkvæsker og brannsløkkingsmiddel.

For kjemikal som vert nytta på ein slik måte at det kan medføre fare for forureining, skal verksemda dokumentere at det er gjennomført ei vurdering av helse- og miljøeigenskapane til kjemikala på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. også punkt 2.6 om internkontroll.

Verksemda pliktar å etablere eit system som dokumenterer dykkar vurderingar og konklusjonar om helse- og miljøskadelege kjemikal kan skiftast ut med mindre skadelege kjemikal (substitusjon). Det skal gjerast jamlege vurderingar av faren for skadelege effektar på helse og miljø som kan skuldast dei kjemikala som vert nytta, og av om alternative kjemikal eller metodar finst. Skadelege effektar knytt til bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der det finst mindre skadelege alternativ, pliktar verksemda å nytte desse så langt dette kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe. Verksemda pliktar å vurdere om den kan nytte førebyggjande alternative metodar som ikkje krev vurdering av veterinær eller fiskehelsebiolog for å redusere utslepp av legemiddel.

Der veterinær eller fiskehelsebiolog har føreskrive bruk av eit legemiddel, pliktar ikkje verksemda å vurdere om det finst andre legemiddel som medfører mindre risiko for miljøforstyrring.

6.2 Informasjon til fiskehelsepersonell som tar på seg oppdrag på lokaliteten

Dersom fisken skal behandlast med legemiddel på lokaliteten, skal verksemda informere veterinær eller fiskehelsebiolog som føreskriv legemiddelet om forhold som har noko å seie for effektane av utslepp frå legemiddelbehandlinga, medrekna omtale av artar og naturtypar i resipienten som kan verte negativt påverka av utslepp, og lokale forhold (inkl. djupne og straum) som har noko å seie for spreiinga av utsleppet.

6.3 Akkumulering av kjemikal i sedimenta

Utslepp frå akvakulturanlegg skal ikkje føre til at kjemikal, inkludert legemiddel, over tid vert akkumulerte i sedimenta i mengder som overstig miljøkvalitetsstandardar for sediment fastsett i eller i medhald av vassforskrifta. Viser miljøundersøkingar at slike miljøkvalitetsstandardar vert overstigne skal verksemda sette i verk tiltak for å redusere utsleppa.

7. Støy og lys

7.1 Støy

Verksemda skal utforme og drive anlegget slik at det ikkje oppstår urimelege støyplager for omgjevnadene. Aktivitetar som medfører fare for støy, bør i størst mogleg grad gjennomførast innanfor vanleg arbeidstid frå måndag til fredag kl. 7–16.

Verksemda sitt bidrag til utandørs støy ved omkringliggande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar, rekna ut som frittfeltsverdi ved den mest støyutsette fasaden, skal ikkje overstige følgjande grenser rekna som innfallande lydtrykknivå ved mest støyutsette fasade.

Dag (kl. 07-19) $L_{pAekv12h}$	**Kveld (kl. 19-23)** $L_{pAekv4h}$	**Laurdag (kl. 07-23)** $L_{pAekv16h}$	**Søn-/heilagdagar (kl. 07-23)** $L_{pAekv16h}$	**Natt (kl. 23-07)** $L_{pAekv8h}$	**Natt (kl. 23-07)** L_{AFmax}
55 dB(A)	50 dB(A)	50 dB(A)	50 dB(A)	45 dB(A)	60 dB(A)

L_{pAeqT} er A-vegd gjennomsnittsnivå (dBA) midla over driftstid midlingstida er oppgitt i tal timar.
L_{AFmax}, som er gjennomsnittleg A-vegd maksimalnivå for dei 5-10 mest støyande hendingane i perioden med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

Verksemda skal halde seg innanfor alle støygrenser alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå anlegget, medrekna intern transport på ved anlegget og landbasen samt lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå bygg- og anleggsverksemd og frå ordinær persontransport av dei tilsette i verksemda, er ikkje omfatta av grensene.

8. Utgår

9. Avfall

9.1 Generelle krav

Verksemda pliktar, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper, å unngå at verksemda fører til at det blir danna avfall. Særleg skal verksemda avgrense innhaldet av skadelege stoff i avfallet mest mogleg.

Verksemda pliktar å syte for at all handtering av avfall, inkludert farleg avfall[4], skjer i samsvar med gjeldande reglar for dette, fastsett i eller i medhald av forureiningslova og avfallsforskrifta[5].

Avfall som oppstår i verksemda, skal verksemda søkje å få gjenbrukt i eigen produksjon eller i produksjonen til andre verksemder, eller – for avfall som kan brennast – søkje å utnytte det til energiproduksjon internt/eksternt. Slik utnytting må likevel vere i samsvar med gjeldande reglar fastsette i eller med heimel i forureiningslova og krav som er fastsette i dette løyvet.

Verksemda skal redusere risiko for marin forsøpling mest mogleg. All aktivitet og produksjonsutstyr skal risikovurderast med omsyn til mikroplast og plastforsøpling. Basert på risikovurderinga skal oppdrettar utarbeide tiltaksplanar og rutinar som skal redusere dette.

Alt avfall som ikkje skal nyttast, skal leverast til lovleg avfallsanlegg[6].

9.2 Handtering av farleg avfall

9.2.1 Lagring

Farleg avfall skal lagrast under tak og på fast dekke med oppsamling av eventuell avrenning. Anna lagringsmåte kan nyttast dersom verksemda kan dokumentere at den valde lagringsmåten gir minst like godt vern for miljøet. Lagra farleg avfall skal vere merka slik at det er tydeleg kva som er lagra. Lagerområdet skal vere utilgjengeleg for uvedkomande.

Farleg avfall skal ikkje lagrast lenger enn 12 månadar[7].

10. Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining

10.1 Miljørisikoanalyse

Verksemda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse av verksemda si, og vurdere resultata med tanke på akseptabel miljørisiko. Verksemda skal kartleggje moglege kjelder til akutt forureining av vatn, grunn og luft. Verksemda skal dokumentere miljørisikoanalysen og han skal omfatte alle tilhøve ved verksemda som kan føre til akutt forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på eller utanfor området til verksemda. Om produksjonstilhøva blir modifiserte og endra, skal verksemda oppdatere miljørisikoanalysen.

Verksemda skal ha oversikt over miljøressursar som kan bli råka av akutt forureining og dei helse- og miljøkonsekvensane slik forureining kan føre til.

Risikoanalysen skal innehalde ein dokumentert omtale av resipienten, inkludert sårbare naturtypar og artar som kan blir påverka av forureining frå verksemda.

10.2 Førebyggjande tiltak

På grunnlag av miljørisikoanalysen skal verksemda setje i verk risikoreduserande tiltak. Verksemda skal vurdere tiltak med tanke på å redusere sannsyn og konsekvensar. Verksemda skal ha eit oppdatert skriftleg oversyn over dei førebyggjande tiltaka.

---

4 Farleg avfall er avfall som ikkje kan handsamast saman med anna avfall fordi det har eigenskapar som kan medføre forureining eller vere farleg for menneske eller dyr.

5 Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall av 01.06.2004, nr. 930

6 Forureiningslova § 32

7 Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta) § 11-8

10.3 Etablering av beredskap

Verksemda skal, på bakgrunn av miljørisikoanalysen og dei risikoreduserande tiltaka som er sette i verk, om naudsynt, etablere og vedlikehalde ein beredskap mot akutt forureining. Beredskapen skal vere tilpassa den miljørisikoen som verksemda til ei kvar tid representerer.

10.4 Varsling om akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med gjeldande forskrift[8]. Verksemda skal også så snart som mogeleg varsle Fylkesmannen gjennom fmvlpost@fylkesmannen.no i slike tilfelle.

11. Utsleppskontroll og journalføring

11.1 Utsleppskontroll

Det skal gjennomførast målingar og utrekningar av utslepp til vatn. Utrekningane av utslepp skal vere basert på fôrforbruk, biologisk produksjon av fisk og produksjon av slam.

Målingar og utrekningar skal utførast slik at dei blir representative for verksemdas faktiske utslepp og skal som eit minimum omfatte:

- fôrforbruk
- fiskeproduksjon
- komponentar som er uttrykkeleg regulert gjennom grenseverdiar i løyvet eller forskrifter

Verksemda skal ha eit program for utsleppskontroll som inngår i verksemda si dokumenterte internkontroll. Programmet skal innehalde ei utgreiing av verksemda sine faktiske utslepp til vatn, med oversyn over alle utsleppstraumar, volum (så langt som råd er) og innhald. Programmet skal og innehalde ei utgreiing av korleis verksemda reknar ut sine utslepp.

Programmet for utsleppskontroll skal til ein kvar tid vere oppdatert.

11.2 Utgår

11.3 Utgår

11.4 Utgår

11.5 Journalføring

Følgjande punkt skal journalførast:

- årleg produksjon
- årleg svinn (daudfisk, tap av fisk)
- årleg fôrforbruk og fôrtype

---

8 Forskrift om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning av 09.07.1992, nr. 1269

- årleg forbruk av legemiddel og andre miljøfarlege kjemikal (mengde, namn på virkestoff)
- naboklager på lukt, lys og støy (tidspunkt, kva det vert klaga på)
- avfallsmengd og disponeringsmetode

Journalen skal oppbevarast i fem år.

12 Overvaking av resipient og rapportering til Fylkesmannen

Verksemda skal syte for overvaking av moglege miljøeffektar av verksemda. Overvakinga skal minimum omfatte granskingane som er spesifiserte nedanfor.

12.1 Krav til miljøtilstand

Utslepp frå anlegget skal ikkje føre til at vedtekne miljømål for vassførekomsten ikkje let seg gjere å oppnå, eller at miljøtilstanden vert redusert, jf. vassforskrifta[9] og tilhøyrande klassifiseringsrettleiar[10] for miljøtilstand.

12.2 Krav til overvaking

Verksemda skal syte for overvaking av effektar av utsleppa til sjø etter eit risikobasert overvakingsprogram. Miljøovervakinga skal så langt mogleg skje i samsvar med nasjonale standardar, og føringar i vassforskrifta og rettleiaren for klassifisering av miljøtilstanden i vatn.

Produksjonen på lokaliteten Bortne er liten. Det vil vere tilstrekkeleg med visuell overvaking av utsleppspunktet kvart fjerde år med ROV eller undervassdrone.

Fylkesmannen kan påleggje verksemda å betale sin del av kostnadene ved ei felles resipientgransking saman med andre verksemder med utslepp i området der anlegget er plassert.

13 Granskingar og utgreiingar

Verksemda pliktar å gjennomføre meir omfattande granskingar dersom Fylkesmannen finn dette naudsynt for å kartlegge anlegget sin påverknad på resipienten jf. forureiningslova § 51. Verksemda kan og bli pålagt å betale ein høvesvis del av kostnadene ved ei felles resipientgransking saman med andre verksemder med utslepp til vassførekomsten eller resipienten.

14. Utskifting av utstyr

Ved utskifting av utstyr må det nye utstyret tilfredsstille krava om bruk av beste tilgjengelege teknikkar med sikte på å motverke forureining.

Dersom det skal gjerast utskifting av utstyr i verksemda som kan være av vesentleg konsekvens for verksemda sine utslepp, skal verksemda gje melding til Fylkesmannen om dette i god tid før det blir tatt avgjerd om val av utstyr.

---

[9] Forskrift om rammer for vannforvaltningen (vannforskriften) av 15.12.2006, nr 1446

[10] Direktoratsgruppa Vanndirektivet 2013, Veileder 02:2013 Klassifisering av miljøtilstand i vann

15. Eigarskifte

Dersom verksemda blir overdregen til ny eigar, skal verksemda sende melding til Fylkesmannen så snart som mogleg og seinast éin månad etter eigarskiftet.

16. Nedlegging

Viss anlegget blir nedlagt eller verksemda stansar for ein lengre periode, skal eigaren eller brukaren til ei kvar tid gjere det som trengst for å motverke fare for forureining. Viss anlegget eller verksemda kan føre til forureining etter nedlegginga eller driftsstansen, skal verksemda på førehand og i rimeleg tid gi melding til Fylkesmannen.

Fylkesmannen kan fastsette nærare krav til tiltak som er naudsynte for å motverke forureining. Fylkesmannen kan pålegge eigaren eller brukaren å stille garanti for dekning av framtidige utgifter og mogeleg erstatningsansvar.

Ved nedlegging eller stans skal verksemda syte for at råvarer, inkludert fiskefôr, kjemikal og legemiddel, produksjonsutstyr og avfall, inkludert ensilasje og daud fisk, blir teke hand om på forsvarleg måte, under dette at farleg avfall blir handtert i samsvar med gjeldande forskrift[11]. Dei tiltaka som blir sette i verk ved slike høve, skal rapporterast til Fylkesmannen innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal og innehalde dokumentasjon av disponeringa av kjemikalierestar og ubrukte kjemikal og namn på eventuell(e) kjøpar(ar).

Ved nedlegging av ei verksemd, skal den ansvarlege syte for at driftsstaden igjen blir sett i miljømessig tilfredsstillande stand.

Dersom verksemda ønskjer å starte på nytt, skal verksemda gje melding til Fylkesmannen i god tid før start er planlagt.

17. Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for forureiningsmyndigheita eller dei som denne gjev mynde til, føre tilsyn med verksemda til ei kvar tid.

11 Avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall

VEDLEGG 1

Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1.

Utslepp av desse komponentane er berre omfatta av løyvet dersom dette går uttrykkeleg fram av vilkåra i punkt 3 og punkta etter, eller dei er så små at dei må sjåast på å vere utan verknad for miljøet.

Metall og metallsambindingar:

	Forkortingar
Arsen og arsensambindingar	As og As-sambindingar
Bly og blysambindingar	Pb og Pb-sambindingar
Kadmium og kadmiumsambindingar	Cd og Cd-sambindingar
Krom og kromsambindingar	Cr og Cr-sambindingar
Kvikksølv og kvikksølvsambindingar	Hg og Hg-sambindingar

Organiske sambindingar:

Bromerte flammehemmere	**Vanlege forkortingar**
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2.2`,6,6`-tetrabromo-4,4`isopropyliden difenol)	TBBPA

Klorerte organiske sambindingar	
1,2-Dikloretan	EDC
Klorerte dioksiner og furaner	Dioksiner, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjedete klorparafiner C_{10} - C_{13} (kloralkaner C_{10} - C_{13})	SCCP
Mellomkjedete klorparafiner C_{14} - C_{17} (kloralkaner C_{14} - C_{17})	MCCP
Klorerte alkylbenzener	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyler	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Trikloreten	TRI
Triklosan **(**2,4,4'-Triklor-2'-hydroksydifenyleter)	TCS
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP

Einskilde tensid	
Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC

Nitromusksambindingar
Muskxylen

Alkylfenoler og alkylfenoletoksylater	
Nonylfenol og nonylfenoletoksilater	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksilater	OF, OP, OFE, OPE
Dodecylfenol m. isomerer	DDP
2,4,6 tri-tert-butylfenol	TTB-fenol

Per- og polyfluorerte alkylsambindingar (PFAS)	
Perfluoroktansulfonat (PFOS) og sambindingar som inneholder PFOS	PFOS, PFOS-relaterte sambindingar
Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS) og sambindingar som inneholder PFHxS	PFHxS, PFHxS-relaterte sambindingar
Perfluoroktansyre	PFOA
Langkjeda perfluorerte karboksylsyrer C9-PFCA – C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFUnDA, PFDoDA, PFTrDA, PFTeDA

Tinnorganiske sambindingar	
Tributyltinnsambindingar	TBT
Trifenyltinnsambindingar	TFT, TPT
Dibutyltinnsambindingar	DBT
Dioktyltinnsambindingar	DOT

Polysykliske aromatiske hydrokarboner	PAH

Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP

Bisfenol A	BPA

Siloksaner	
Dekametylsyklopentasiloksan	D5
Oktametylsyklotetrasiloksan	D4

Benzotriazolbaserte UV-filtre	
2-Benzotriazol-2-yl-4,6-di-tert-butylphenol	UV-320
2,4-di-tert-butyl-6-(5-chlorobenzotriazol-2-yl)phenol	UV-327
2-(2H-benzotriazol-2-yl)-4,6-ditertpentylphenol	UV-328
2-(2H-Benzotriazol-2-yl)-4-(tert-butyl)-6-(sec-butyl)phenol	UV-350